

## Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2021

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av rådet fram slikt forslag:

«Alternativ:

RMNF vil på prinsipielt grunnlag vise til at alle born og unge har ein rett til å gå i vanleg klasse, og på nærskulen eller den skulen dei søker seg til. Denne retten gjeld også mennesker med nedsett funksjonsevne. Eigne klassar for Arbeids- og kvardagslivstrening (AKS) utfordrar det, og kan i realiteten føre til framhald av «spesial-skule»-tenkinga og føre til utanforskap og dårlegare integrering. (Viser til NOVA Rapport 5;2021, Oslo MET: «Sosial og digital deltagelse. Skole og internett som integreringsarena for barn og unge med fysiske funksjonsnedsettelse»)

Vi reknar med dette vil vere tema i det strategiarbeidet som skal gjennomførast for Tilpassa opplæring og spesialundervisning. Eit romprogram som legg opp til eigne klasserom for elevar med behov for arbeids- og kvardagslivstrening må derfor fungere som fleksible grupperom og ikkje sementere ei deling av elevar etter funksjonsevne.

RMNF vil også peike på at heisane må vere store nok til å romme dagens rullestolar. dvs vere større enn minimumskravet på 0,9 m dørbredde.»

### **Avrøysting**

*Det var 5 til stades under voteringa.*

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

RMNF vil på prinsipielt grunnlag vise til at alle born og unge har ein rett til å gå i vanleg klasse, og på nærskulen eller den skulen dei søker seg til. Denne retten gjeld også menneske med nedsett funksjonsevne. Eigne klassar for arbeids- og kvalitetstrening (AKS) utfordrar det, og kan i realiteten føre til framhald av «spesialskule»-tenkinga og føre til utanforskap og dårlegare integrering. (Viser til NOVA Rapport 5;2021, Oslo MET: «Sosial og digital deltagelse. Skole og internett som integreringsarena for barn og unge med fysiske funksjonsnedsettelse»)

Vi reknar med dette vil vere tema i det strategiarbeidet som skal gjennomførast for tilpassa opplæring og spesialundervisning. Eit romprogram som legg opp til eigne klasserom for elevar med behov for arbeids- og kvardagslivstrening må derfor fungere som fleksible grupperom og ikkje sementere ei deling av elevar etter funksjonsevne

RMNF vil også peike på at heisane må vere store nok til å romme dagens rullestolar. Dvs. vere større enn minimumskravet på 0,9m dørbredde.